



Ragnvald Valle
Seimsstranda 343
5912 SEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/3879 - 17/4382

Saksbehandlar:
Per Sveinar Morsund
Per.Sveinar.Morsund@lindas.kommune.no

Dato:
08.02.2017

Førebels svar - trong for tilleggskontroll gbnr 59/3

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 09.12.16.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Søknad må sendast inn som søknad om tillatelse til tiltak utan ansvarsrett. Rett skjema er lagt ved. Kommunen har fått stadfesting frå eining for landbruk at tiltaket er i samsvar med arealføremålet og kan førast opp som driftsbygning i landsbruket.
2. Tiltaket er ikkje nabovarsla. Nabovarsling må utførast i samsvar med plan- og bygningslova §21-3.
3. Det må sendast inn nytt situasjonskart som viser storleik på bygningen og at relevante avstandskrav er ivareteke.
4. Teikning må vise alle fasadar på bygningen. Det må også ligge føre snitt-teikning som viser aktuelle høgder på bygningen.
5. Bygningen som skal byggast på med driftsbygning er Sefrak registrert. Det oppmodast difor om å sende inn informasjon om alder og verneverdi på eksisterande bygning slik at kommunen kan vurdere om det er naudsynt å sende søknaden vidare på høyring om kulturminneverdi. Dersom det kan leggast føre informasjon som tilseier at bygningen ikkje har kulturminneverdi, treng saka ikkje sendast vidare på høyring.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 30.03.17. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Post

postmotak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733



Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Per Sveinar Morsund
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

5153-soknad-om-tiltateelse-til-tiltak-uten-ansvarsrett

5154-nabovarsel

5155-opplysninger-gitt-i-nabovarsel

5156-kvittering-for-nabovarsel

Mottakarar:

Ragnvald Valle

Seimsstranda 343 5912

SEIM